

Tekniske Løsninger AS
Daglig leder/adm.dirktør Åse-Helen Holm
Nordstrandvegen 6
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8792 - 21/23068

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
07.04.2021

Avslag på førespurnad om ytterlegare fristutsetting - gbnr 336/96 Ådland nordre

Viser til administrativt vedtak med saksnr. 997/20 av 24.09.2020 frå Alver kommune med pålegg om fjerning av påbegynt tiltak og ilegging av tvangsmulkt. Siste frist for retting vart i vedtaket satt til **20.03.2021**.

Vi viser og til vedtak **daterd 23.06.2017** frå dåverande Meland kommune der det vart gitt pålegg om stans av arbeidet og sikring av byggeplassen.

Alver kommune har motteke ein e-post frå dagleg leiar Åse-Helen Holm med førespurnad om ny fristutsetting til ut **mai månad 2021**.

Vi vil minne om at i behandlinga av denne saka har det vore gitt adskillige fristutsettingar tidlegare.

I førehandsvarelet av 04.07.2019 frå dåverande Meland kommune vart det gitt ein **3 veker frist frå mottaksdato** av brevet, til å komme med ei tilbakemelding.

I førehandsvarel av 12.05.2020 frå Alver kommune vart det gitt ny frist til **15.06.2020** med pålegg om tilbakeføring og opprydding av eigedommen.

I brev av 26.06.2020 vart det gitt fristutsetting til **01.08.2020** etter førespurnad om dette i ein epost av 17.06.2020.

Ytterlegare fristutsetting vart gitt i vårt brev av 21.08.2020. Frist for opprydding og tilbakeføring vart her satt til **04.09.2020**.

Alver kommune har ut i frå det ovannemnde vurdert det slik at det vert ikkje gitt ytterlegare fristutsetting. Retting må skje snarast og kommunen må få tilbakemelding med biletedokumentasjon om at arbeidet er utført.

Tilbakemeldinga sendast til:

- post@alver.kommune.no eller til

- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Vi minner om at tvangsmulkt startar frå **01.04.2021**. Faktura på denne vil bli sendt ut frå kommunen i løpet av april månad 2021 dersom vi om kort tid ikkje har motteke tilbagemelding om at arbeidet med opprydding og sikring er gjort.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver vennleg og referer til sak nr: 20/8792.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta
Avdelingsleiar

Astrid Riise
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Åse-Helen Holm

Nordstrandvegen 6

5265

YTRE ARNA

Mottakarar:

Tekniske Løsninger AS

Nordstrandvegen 6

5265

YTRE ARNA